



Utmark Arkitektur AS  
Bellgården 1  
5003 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/8824 - 22/8880

Saksbehandlar:  
Josep Gayrbekov  
josep.gayrbekov@alver.kommune.no

Dato:  
31.01.2022

## Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 102/47 Vabø

Tiltak: tilbygg og anneks fritidsbustad – dispensasjon  
Byggjestad: Gbnr: 102/47  
Tiltakshavar: Terje Bjørge  
Ansvarleg søkjar: Utmark Arkitektur AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 18.10.2021.

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

Det er søkt om dispensasjon frå storleikskravet i Disposjonsplan Del av «Væbø» gnr. 102, bnr. 6 i Lindås (Plan-ID: 1263-07011971) § 5. Dette gjeld derimot for uthus. Det må i staden søkjast om dispensasjon frå Kommuneplan for Lindås pkt. 3.1.2 som bestemmer at det ikkje kan førast opp anneks på fritidseigedom.

Forskjellen på uthus og anneks ligg i at førstnemnte ikkje kan brukast til varig opphald. Ved vurderinga av kva som er rom for varig opphald kan det hentast rettleiing i TEK17 § 1-3 bokstav I som definerer det som «*stue og tilsvarende rom, kjøkken og soverom*».

Kommunen ber om at tilleggsmateriale vert sendt inn samla innan **28. mars 2022**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbagemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

**Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

**Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Josep Gayrbekov  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Terje Bjørge  
Utmark Arkitektur AS

Hesjakollen 40  
Bellgården 1

5142 FYLLINGSDALEN  
5003 BERGEN